

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dato: 07.10.2025
Saksref: 202505731-6
Deres ref.: 2025/12229-10
Side: 1 / 2

Vår saksbehandler: Ola Torstein Endresen
Telefon:
Mobil: +4799231323
E-post: ola.torstein.endresen@banenor.no

Vestland fylkeskommune - Høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse - Bane NOR si uttale

Vi viser til brev, datert 5.9.2025.

Bergensbanen som går gjennom fylket er av nasjonal betydning for både person- og godstrafikk.

Planarbeidet har som mål å erstatte ei rekkje regionale planar som tek for seg ulike tema som klima, berekraft og fornybar energi blant anna. Dette blir gjort med ambisjon om å skape ein breiare og meir heilskapleg plan. Jernbanen relaterer seg til fleire av desse tema, og Bane NOR ønskjer å spele inn følgjande.

Bane NOR sitt viktigaste bidrag til auka berekraft, både i samfunnet generelt og i transportsektoren spesielt, er å styrkje oppslutninga om jernbanen og bidra til at fleire kan ta meir tog. Å flytte meir transport over på jernbane vil gjere transportsektoren meir berekraftig, fordi jernbanen brukar mindre energi og areal i forhold til kapasitet enn andre transportmiddel. Vi tilrår derfor at jernbanen blir trekt inn i relevante vurderingar rundt tema som arbeidsplassar og verdiskaping.

I forslag til planprogram blir det mellom anna sett fokus på klimaomstilling og klimatilpassing. Temaet er viktig for Bane NOR, då vi forvaltar samfunnskritisk infrastruktur som er sårbar for klimaendringane. Jernbanen i Noreg har dei siste åra opplevd aukande utfordringar knytt til flaum og skred, med påfølgjande problem og enkelte stader øydelegging av jernbaneinfrastrukturen. Førebygging i form av klimaomstilling er viktig å få inn breitt på fleire plannivå. Dette er eit viktig verkemiddel for å styrkje samfunnets robustheit mot ekstremvær. Vi tilrår at jernbanen blir inkludert i relevante tema rundt klimautfordringar og -tilpassing.

Eit tema som denne planen skal ta med vidare, er samfunnstryggleik og beredskap. Jernbanen har ei viktig funksjon for transport av personar og gods, som går på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Samstundes er dette infrastruktur som er sårbar for skadar og hendingar. Vi tilrår at jernbanen sin samfunns- og beredskapsfunksjon blir inkludert i arbeidet.

Med helsing

Åsne Fyhri
ass. sjef Planforvaltning
Drift og vedlikehold

Ola Torstein Endresen
planforvaltar

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur

